
Fra: Silje Namtvedt <siljenamtvedt@hotmail.com>
Sendt: 14. juni 2017 10:07
Til: Postmottak Radøy; Jarle Landås; Jon Askeland
Emne: Spørsmål til spørjetimen 15. juni 2017

Hei. Spørsmål til spørjetimen under.

Spørsmål til spørjetimen 15. juni 2017

Spørsmål 1.

Radøy bibliotek

I budsjettet for 2017 vart det vedteke ei investeringsramme på 1 mill. ved flytting av Radøy bibliotek til ei meir sendtral plassering i Manger sentrum som gjer biblioteket meir tilgjengeleg og betre rusta for det eit bibliotek skal vera for innbyggjarane i kommunen. Under ser de Kapittel 1, paragraf 1 av Folkebiblioteklova:

Kapittel I. Folkebibliotekenes formål og virksomhet.

§ 1. Målsetting

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.

Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem.

Som de ser skal biblioteka vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.

Alle partia var før jul einige om at biblioteket må flyttast, for å imøtekommje lova slik ha vart etter 1. januar 2014.

Eg har sett at Radøy kommune i lokalavisene liste etter passande lokaler i Manger til bibliotek.

Spørsmål:

Kor står denne saka i dag? Har de fått tilbod om passande lokaler? Føreligg det skriftlege tilbod?

Etter mitt skjønn hastar det å få på plass nye lokaler, då slik situasjonen er pr. i dag ikkje er haldbar for å utvikle biblioteket til det det skal vere i eit framtidsretta lokalsamfunn.

Spørsmål

Spørsmål 2.

Klasseval ved overgang til ungdomsskulen

Ved overgangen til ungdomsskulen brukar 7. klassingane på barneskulane å foreta eit val av kven dei ønskjer å gå i klasse med. Nokre får vala sine oppfylt, andre ikkje. Er slike val heldige? Kva er grunngjevinga til at ein føreteik eit slikt val? Kan slike val vera uheldige og eksluderande for den eleven som eventuelt ikkje vert valt av nokon?

For Radøy Senterparti

Silje Namtvedt

Mvh Silje Namtvedt

Radøy Sp